



Styreleiar Hans J. Berge i KV

Dagleg leiar Tor Vidar Sæle varslar at KV kan gå til retten for å få kommunen si kontrakt med Trygge Bustadar om utleige av 12 omsorgsbustadar oppheva. Kommunen har avvist utsettjing av klagefristen som var 15. juli men saka kjem i formannskapet 22. august, første møtet etter ferien.

Sæle hevdar i Kvinnheringen at KV har mykje meir dokumentasjon enn det som er kome fram i den offisielle klagen og at det er hoppa bukk over reglementet.

Styreleiar Hans J. Berge hevdar at det ikkje finst annan dokumentasjon enn stiftingsdokument og og oversyn over eigenkapitalen på 72 439 kroner, som ikkje er tilstrekkeleg til å gjennomføra eit prosjekt på over 30 millionar.

Det manglar også skatteattest for moms.

Kommunen har hevda at Trygge Bustadar har det beste tilbodet både når det gjeld pris og plassering. I pris skilde det 200 000.